



Likelydende til
Alle kommunene i Hordaland

Invitasjon til deltaking i læringsnettverk for barneverntenesta

Vi inviterer alle kommunane i Hordaland til informasjonsmøte og oppstart av læringsnettverk for barnevernstenestene. Dette er ein del av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets kvalitets- og kompetanseløft retta mot dei kommunale barnevernstenestene i perioden 2017-2024.

Formålet med læringsnettverket er å bidra til samarbeid om kvalitetsutvikling, og støtte opp om faglege fellesskap på tvers av kommunegrenser. Vi veit at det i Hordaland allereie finst mykje godt samarbeid og kunnskapsutveksling på tvers av kommunegrensene. Vi ønsker gjennom kompetansenettverket å støtte opp om, og bygge vidare på dette.

Den **07.06.2018** inviterer vi to representantar frå kvar kommune til informasjonsmøte både om læringsnettverket, og om kriteria for å søke tilskot til utviklingsprosjekt gjennom nettverket. Vi oppfordrar kommunane til å stille med minst ein representant frå leiinga i barneverntenesta.

For dei kommunane som ynskjer å vere med i nettverket, arrangerer vi same dag, eit oppstartsseminar. Her vil vi legge til rette for dialog mellom kommunerepresentantane, KS og Fylkesmannen om korleis vi skal rigge læringsnettverket, slik at det blir mest mogleg nyttig, og tilpassa dei behova som kommunane har for kompetanse- og kvalitetsutvikling. Vi vil også velje ein leiar og ei styringsgruppe for nettverket.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2018 fått tildelt 650 000 kr som skal gå til å støtte opp om utviklingsprosjekt som blir gjennomført av kommunane i læringsnettverket. Nettverket skal minimum vare ut 2024, og Fylkesmannen skal i heile perioden støtte opp om nettverket, bidra til den praktiske gjennomføringa og legge til rette for samarbeid med dei lokale kompetansemiljøa om utviklingsprosjekta som nettverket tar initiativ til.

Målsettinga for læringsnettverket er at det skal vere nyttig for alle kommunar, og skal ta utgangspunkt i dei behov og satsingar som kommunane sjølv identifiserer. Vi ynskjer difor at barnevernsleiar i den einskilde kommune svarar på spørsmåla som ligger vedlagt til denne mailen, og sender dei til oss per mail innan 1. mai 2018. Svara er berre meint som ein peikepinn om status i dykkar kommune, og vil vere til hjelp for oss i førebuinga av oppstartssamlinga.

Det er meir informasjon om kompetansesatsinga og læringsnettverk på denne nettsida:

https://www.bufdir.no/Barnevern/Kompetansesatsing_kommunalt_barnevern/Kvalitetsutvikling_i_barnevernstjenestene/Kommunale_laringsnettverk/

Om de har innspel, eller spørsmål til læringsnettverket i Hordaland kan de ta kontakt med underteikna på telefon: 55 57 22 33 eller fmhobcf@fylkesmannen.no

Vi vil om kort tid sende ut eit meir detaljert program, og informasjon om påmelding. Samlinga vil finne stad Bergen sentrum.

Med helsing

Øystein Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Cecilie Foss
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.